

Løypemeldingen 2022

Sogn og Fjordane

Laget av PwC | Sogn og Fjordane Næringsråd

Innhold

01

**Samandrag og
bakgrunn**

02

**Styring og leiing av
berekraftsarbeid**

03

**Påverknad og
regulering**

04

**Berekrafts-
rapportering**

05

**Klimafotavtrykk og
klimarisiko**

06

**Relevante kjelder
til meir
informasjon**

01 Samandrag og
bakgrunn



Kvifor og korleis vert Løypemeldingen utarbeidd?

I denne rapporten, *Løypemeldingen - Sogn og Fjordane (2022)*, presenterer vi funn frå ei spørjeundersøking til medlemsbedriftene til Sogn og Fjordane Næringsråd. Undersøkinga vart gjennomført august 2022 og det er andre året på rad denne undersøkinga vert gjennomført i regionen.



Løypemeldingen er ein serie av regionale berekraftsrapportar som er utarbeidd av PwC i samarbeid med lokale næringsråd og næringsforeiningar ulike stadar i Noreg.

Formålet med utarbeidinga av *Løypemeldingen* er å auke innsikten i berekraftsarbeidet til ei større bredde av verksemder på tvers av Noreg - både kva som er status i berekraftsarbeidet, og kva verksemdene ser av moglegheiter og utfordringar i dette arbeidet.

Undersøkinga er planlagt gjennomført årleg og vi håpar rapporten vil bidra til gode diskusjonar og nye refleksjonar rundt omstilling til meir berekraftig næringsliv i vår region



Samandrag

Løypemeldingen i Sogn og Fjordane



Berekraft er strategisk integrert, men likevel er ofte få årsverk dedikert til arbeidet

Dei fleste respondentane i Sogn og Fjordane svarar at de har integrert berekraft som ein del av sin strategi (9 av 10), noko som i seg sjølv er eit oppløftande funn. Samtidig er det kun 1 av 3 som svarar at dei rapporterer på berekraft, og undersøkinga viser at ressursbruken, målt i årsverk er svært låg. Dette er dels naturleg då det er mange mindre verksemder representert i undersøkinga, samtidig er det ein indikasjon på at næringslivet likevel har ein veg å gå når det gjeld praktisk gjennomføring av berekraftsarbeidet.

Få rapporterer etter internasjonale standardar

Selskapa i regionen verkar å ha sett berekraftsmåla på dagsorden, då 62 prosent av respondentane svarar at dei har gjort ei aktiv prioritering av FN sine berekraftsmål. Av selskapa som rapporterer på berekraft er det kun 10 prosent som rapporterer etter GHG-protokollen, som ofte vert peika på som eit føretrekt rammeverk. Selskapa peikar på både *“vissheten om at virksomheten bidrar til å gjøre samfunnet mer bærekraftig”* og det å *“bli en mer attraktiv arbeidsplass for eksisterende og nye ansatte”* som dei to største motivasjonane til å jobbe med berekraft. Sistnevnte viser med tydelegheit at det ikkje berre er kundar og styresmakter som har makt til å påverke næringslivet sine prioriteringar. Hovudutfordringa, meiner respondentane, er kapasitet og ressurar. Dette samsvarar med det låge tal årsverk som jobbar eksplisitt med berekraft.

Nær halvparten har sett Åpenhetsloven på agendaen

44 prosent av selskapa svarar at dei har enten undersøkt forbettringsområder, eller påbegynt tiltak som følgje av Åpenhetsloven. I lys av størrelsen på selskapa i undersøkinga, er det eit godt tal.

Vidare er kjennskapen til og kunnskapen om EU-taksonomien framleis låg. Både regionalt og nasjonalt er dette eit område fleire verksemder bør auke kunnskapen sin om.

Klimaet er i endring. Likevel er det kun 17 prosent av verksemdene i Nordvest (Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal) som svarar at dei har gjort klimarisikoanalysar. Til samanlikning er det nasjonalt 25 prosent som viser til tilsvarande gjennomførte analysar. Manglende innsikt i eget klimaavtrykk og -risiko for eiga verksemd gjer selskapa mindre førebudde på endringar som oppstår i overgangen til lågutsleppsamfunnet og kan svekke konkurransekrafta.

Fleire burde setje seg konkrete, talfesta mål

Fleirtalet av selskapa svarar at dei jobbar aktivt med å kutte utslepp i eiga drift eller ei eiga drift og eiga verdikjede. Dette er bra. Men kun 1 av 3 verksemder svarar at dei har sett seg konkrete, talfesta mål for utsleppskutt. Utan konkrete målsettingar, er det vanskelegare å måle framgong. Dei verksemdene som klarar å setje eigne mål, gjennomføre tiltak og vise til faktiske utsleppskutt vil vere mest konkurransedyktige i eit samfunn der det vert forventa at verksemder gjer kva dei kan for å bidra til det grønne skiftet.

Løypemeldingen er ei undersøking som vert gjennomført i ulike regionar på tvers av Noreg

Tal
respondentar

585

fordelt på 16
næringsforeiningar



22 % Region Nord

Næringsforeiningene for Alta, Hammerfest, Tromsø, Bodø, Narvik, Vest-Lofoten, Øksnes og Rana.

19 % Nordvest

Næringsforeiningene for Ålesund, Vestnes, Ulstein, Kristiansund og Nordmøre og Sogn og Fjordane

18 % Bergen

18 % Kristiansand

23 % Stavanger

Vestnes Næringsforum

Ulstein Næringsforum

Kristiansund og Nordmøre Næringsforum

Næringsforeiningen i Ålesund-regionen

Sogn og Fjordane Næringsråd

Bergen Næringsråd

Næringsforeiningen i Stavanger-regionen

Næringsforeiningen i Kristiansandsregionen

Hammerfest Næringsforeining

Alta Næringsforeining

Næringsforeiningen i Tromsøregionen

Øksnes Næringslivsforeining

Narvikregionen Næringsforeining

Vest-Lofoten Næringsforeining

Bodø Næringsforum



Ranaregionen Næringsforeining

Undersøkinga er besvart av lokale verksemder av ulik størrelse


Vi ser at verksemder med 50 eller færre tilsette er sterkest representert i undersøkinga både i Nordvest og nasjonalt.

I Sogn og Fjordane har 40 % av respondentane færre enn 10 tilsette. Det er hovudsakleg verksemder med over 250 tilsette som vert treft av EU sine komande berekraftsdirektiv og andre lovkrav, og som dermed får krav om å rapportere på berekraft framover. Dette tilseier at mange respondentar framleis har moglegheit til å posisjonere seg for framtidige krav. Likevel vil også ein stor del av dei mindre verksemdene indirekte bli treft av krava i nær framtid ved at dei inngår i verdikjeda hos større verksemder.

Undersøkinga har i hovudsak blitt besvart av leiarar i verksemdene, og 64% i Nordvest er besvart av dagleg leiar.



Løypemeldingen er eit resultat av tilbakemeldingar frå eit breitt spekter av bransjar



Eigedom-, bygg- og anleggsbransjen (EBA) er høgst representert i undersøkinga, både nasjonalt og i Nordvest. EBA er ei av dei mest sentrale bransjane i det grønne skiftet, då energieffektivisering av bygg og berekraftige verdikjedar i byggebransjen vil vere store bidragsytarar til reduserte klimagassutslepp.

Sjømat er høgare representert i Nordvest enn i øvrige delar av landet.


02 Styring og leiing av
berekraftsarbeidet



CEO sit ofte med ansvaret


Det kan medføre at arbeidet får mindre fokus enn viss ansvaret er dedikert til egne ansvarlege.

Kven i verksemda har ansvaret for å leie og drive arbeidet innan berekraft?



80% dedikerer under eitt årsverk til berekraftsarbeidet

Kor mange årsverk dedikerar di verksemd til berekraftsarbeid kvart år (inkl. innleigde konsulentar)?




Omsyn til samfunn, omdøme og kundar motiverar verksemdar til å arbeide med berekraft

Hovudmotivasjonane for å gjere verksemda meir berekraftig



76%

Visshet om at virksomheten bidrar til å gjøre **samfunnet mer bærekraftig**



41%

Bli ein meir **attraktiv arbeidsplass** for eksisterande og nye tilsette



38%


Imøtekome nye krav frå kundar og andre interessentar

Det er interessant at ikkje fleire viser til faktorar som å skape vekst og nye inntektskjelder som ein av hovudmotivasjonane.

Det er store likheitstrekk mellom kva respondentane har svart i Sogn og Fjordane og nasjonalt på dette spørsmålet.

Mangel på kapasitet og kompetanse held berekraftsarbeidet tilbake

Dei største **utfordringane** med å gjere verksemda berekraftig



Mange peikar på manglande kapasitet/ressursar som ei stor utfordring.


03 Påverknad og
regulering



Nær halvparten har sett Åpenhetsloven på agendaen

Åpenhetsloven skal sikre berekraftige leverandørkjedar.

Har di verksemd gjort tiltak for å sikre overholdelse av krava i lova?



Åpenhetsloven

Åpenhetsloven tredde i kraft 1. juli 2022 og stiller krav til openheit og ansvarlegheit i eiga verksemd og i leverandørkjeda. Lova skal bidra til at verksemdar arbeidar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i samband med produksjon av varer og levering av tenester. Lova skal også sikre ålmenta tilgang til informasjon om korleis verksemdar handterer moglege bidrag til brot på grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Lova gjeld førebels alle verksemdar som ikkje er definert som små foretak i rekneskapslova, og som sel varer og/eller tenester i eller utanfor Noreg eller som er skattepliktig i Noreg.

Verksemdene som vert omfatta av lova pliktar å:

1

Utføre aktsemdsvurderingar

2

Regelmessig gjere greie for desse vurderingane

3

Gje informasjon til einkvar som rettar ein skriftleg førespurnad om det

Flest meiner at **kunden** har størst påvirkningskraft i verdikjeda



Oversikten viser hvilke interessenter som har størst påvirkningskraft i verdikjeden.

Flest respondentar trakk fram kundane som dei med størst makt til å påverke krav, føresetnader og forventningar. Deretter svarer flest at styresmakter og offentlege instansar, og eigarar har størst påvirkningskraft.

Funna kan indikere at berekraftig utvikling i stor grad vert driven fram av krav frå kundar og styresmakter, sjølv om verksemdene sjølv også viser til ønskje om å gjere samfunnet meir berekraftig som ein hovudmotivasjon for bærekraftsarbeid.

Resultatet er tilsvarande for andre regionar i landet



EU-taksonomien definerar kriterier for berekraftige aktivitetar



Taksonomien er eit system for klassifisering av økonomiske aktivitetar, som set krav til kva som kan kallast grønt.




Første rettslege standard som definerar kva som er miljømessig berekraftig.



Taksonomien er eit politisk vedteke regelverk der kriteria er fastsett basert på forskning



Medfører ikkje at nokre aktivitetar vert forbodne, men for nokre selskap vil det medføre rapporteringsplikt



For å kunne vurderast som som berekraftig, må ein økonomisk aktivitet:

Bidra vesentleg
til minst eitt av dei seks
miljømåla

**Ikkje gjere vesentleg
skade** på nokre av dei
andre miljømåla

Etterleve **minimumskrav**
knytt til nærmare angitte
sosiale standardar

Metode for å vurdere vesentleg bidrag og vesentleg skade

Tekniske screening-kriterier

Dei seks miljømåla definert i EU-taksonomien

1. Avgrense klimaendringane
2. Klimatilpasning
3. Berekraftig bruk og beskyttelse av vann- og havressursar
4. Omstilling til ein sirkulær økonomi
5. Førebyggje og bekjempe forureining
6. Beskyttelse og gjenoppretting av biologisk mangfald og sunne økosystem



Verksemdene i Nordvest og nasjonalt bør få betre kjennskap til EU-taksonomien

Nordvest

16%

Har god kontroll på kva EU-taksonomien er, og hva den innebærer

56%

Har høyrst om EU-taksonomien, men har ikkje god kontroll på kva den inneberer

28%

Har ikkje hørt om EU-taksonomien



Nasjonal fordeling

20%

Har god kontroll på hva EU-taksonomien er kva den inneberer

56%

Har hørt om EU-taksonomien, men har ikke god kontroll på hva den innebærer

24%

Har ikkje høyrst om EU-taksonomien



Undersøkinga viser at eit mindretal, både regionalt og nasjonalt, har god kontroll på hva EU-taksonomien vil innebere for deira verksemd. Dette er ikkje nødvendigvis overraskande då fleirtalet av verksemdene ikkje direkte vil bli omfatta av rapporteringskrava, og kun vil måtte forholde seg til taksonomien indirekte gjennom verdikjeda. Det må merkast at krava vil vere svært omfattande for dei det gjeld, og at EU-taksonomien kan få indirekte påverknad gjennom endring i etterspurnad etter varer og tenester. Vi tilrår difor verksemdar å kome tidleg i gang med kartlegginga av kva innføring av EU-taksonomien vil bety og kva det vil krevje av ressursar, innsats og omstilling.

Få har gjort analysar for kartlegge korleis EU-taksonomien vil påverke verksemda

Nordvest

17 %

Har gjort kartleggingsanalysar

35 %


Har ikkje gjort analysar, men planlegg å gjere det

42 %

Har ikkje gjort kartleggingsanalyser

6 %

Veit ikkje



Fleirtalet har kartlagt i kva grad verksemda sine aktivitetar er inkludert i taksonomien.

Sett i samanheng med at verksemdene i undersøkinga ikkje vert omfatta av EU-taksonomien før tidlegast frå rekneskapsåret 2022 er det ikkje overraskande at relativt få har kartlagt i kva grad deira aktivitetar tilfredsstillir kriteria til berekraftige aktivitetar i EU-taksonomien (kartlagt alignment). Vi ser den same trenden nasjonalt.




04 Berekraftsrapportering




Kun ei av tre verksemder i Nordvest rapporterar på berekraft


Rapporterar di verksemd på berekraft?
- Nordvest



Rapporterar di verksemd på berekraft?
- Nasjonalt



Fleirtalet av verksemdene har berekraftsrapporteringa adskilt frå øvrig rapportering



- I egen berekraftsrapport
- I årsrapport (berekraft framkommer som ein adskilt del av verksemda sin årsrapport)
- Annet (f.eks. på verksemda si nettside)
- I integrert årsrapport (berekraftsrapportering og finansiell rapportering er samla og konsolidert i same rapport)
- I mor- eller datterselskap sin rapportering

Undersøkinga viser at blant verksemdene som rapporterar på berekraft i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal er det flest som vel å halde berekraftsrapporteringa adskilt frå anna rapportering.

På nasjonalt nivå er det 32 % som rapporter i eigen bærekraftsrapport.

I åra framover vil det kome nye krav gjennom EU sine berekraftsdirektiv som gjer at stadig fleire verksemdar vil bli omfatta av utvida rapporteringskrav, og rapporteringa skal då vere inkludert i årsrapporten.



Berekraft har funne vegen inn i bedriftsstrategiane

Ein bærekraftstrategi eller ein bærekraftig strategi?

9 av 10


Svarar at berekraft er ein integrert del av eigen strategi.

86 %

svarar at dei har fokus på berekraft i eigarstyring og leing av verksemda


1 av 2

svarar at dei jobbar strukturert og systematisk med forbetringar knytt til berekraft



For å kunne samanlikne verksemder er det ønskeleg med rapportering etter felles standardar eller rammeverk


Opererer di verksemd i samsvar med nokre av desse **nasjonale** standardane?



Dersom bedrifter brukar ein felles standard for rapportering vert den enklare for brukarar av av berekraftsinformasjon å samanlikne på tvers av verksemder og bransjar. Det er stor variasjon i korleis verksemder kvantifiserar, presenterar og kontrollerar si berekraftsrapportering. Kvantitativ, konsekvent og etterprøvbar rapportering gjer at ein kan samanlikne verksemder og måle framdrift. Vi tilrår alle verksemdar å følgje relevante rapporteringsstandardar, og opplyse om kva for standardar som er brukt i rapporteringa.

UN Global Compact er den mest brukte av dei internasjonale standardane blandt verksemdene

Opererer di verksemd i samsvar med nokre av desse *internasjonale* standardane?



Nasjonalt er det 40 % av bedriftene som svarar dei ikkje følgjer ein internasjonal standard.

Nasjonalt er det GHG Protocol som er hyppigast brukt.

Kort skildring av eit utval internasjonale standardar og rammeverk



► **OECD Guidelines** er anbefalinger, utarbeidet av regjeringer, for å sikre ansvarlig forretningsatferd blant foretakene som opererer i de tilsluttende landene.



► **GRI Standards** er en ledende global standard for bærekraftsrapportering som inneholder et sett med prinsipper, krav og anbefalinger for bærekraftsrapportering. GRI legger vekt på faktisk og potensiell påvirkning virksomheten har når vesentlighetsvurderingen gjennomføres.



► **Carbon Disclosure Project** er en ideell organisasjon som har utviklet en global standard for rapportering av miljø- og klimapåvirkning, både for virksomheter, byer og regioner.



► **UN Global Compact** er et prinsippbasert rammeverk for organisasjoner som ønsker å bidra til en forsvarlig og bærekraftig bedriftspraksis. Prinsippene bygger på FNs menneskerettigheter, fundamentale prinsipper for arbeidslivet, miljø og korrupsjon.



► **TCFD** er et globalt rammeverk for å rapportere på klimarisiko. Formålet er å kvantifisere finansiell risiko- og muligheter knyttet til klimaendringene og overgangen til et lavutslippssamfunn.



► **Greenhouse Gas Protocol** er en globalt anerkjent regnskapsstandard for klimaregnskap og utgjør et rammeverk for å måle og håndtere utslipp av klimagasser både innen privat og offentlig sektor. Klimagassutslipp deles inn i tre scope avhengig av om de er direkte eller indirekte relatert til egen drift (Scope 1-2) eller indirekte utslipp fra verdikjeden (Scope 3).



► **Sustainability Accounting Standards Board** er et bærekraftsrammeverk som setter standarder for hvilken bærekraftsinformasjon virksomheter skal offentliggjøre. Hensikten er å gi investorer sammenlignbar ikke-finansiell informasjon om virksomhetene.

Kort skildring av andre utvalgte standardar og rammeverk



▶ **Miljøfyrtårn** er sertifisering på miljøstyring/miljøledelse ved et eller flere kontorer som hjelper virksomheter med å få oversikt over deres positive og negative miljøeffekter, samt identifisere hvor virksomhetene bør rette sin miljøinnsats for å oppnå de største forbedringene.



▶ **ISO 9001** er et kvalitetsledelsessystem med formål å forbedre virksomheter sin evne til å konsistent levere produkter og tjenester som oppfyller kundenes, samt pålagte og lovbestemte, krav.



▶ **ISO 14001** er en internasjonal standard for miljøledelsessystemer som brukes over hele verden. Miljøsertifiseringen skal hjelpe virksomheter med å redusere sin belastning på miljøet.



▶ **Etisk Handel Norge** er et nettverk som fremmer etiske prinsipper innenfor handel, fra produksjon til forbruk. Retningslinjene for etisk handel baserer seg på internasjonale konvensjoner som FN og ILO.



▶ **ISO 26000** er en internasjonal standard for samfunnsansvar som gir veiledning for hvordan virksomheter kan opptre sosialt ansvarlig i tråd med krav fra samfunnet.

Av dei som rapporterar på berekraft har over halvparten sett seg **konkrete talfesta mål**

64%

Av verksemdene som rapporterar på berekraft, har eitt eller fleire kvalitative mål for berekraftsarbeidet (Eks. "Vi skal bli leiande innan klimavennlege løysingar i vår bransje).

56%

Av verksemdene som rapporterar på berekraft har eitt eller fleire talfesta mål for berekraftsarbeidet, f. eks. spesifikke mål for utsleppskutt. (Eks.: "Vi skal kutte våre klimagassutslepp med 50% innan 2030")

Nasjonalt ligg dette talet noko høgare




Det er ein solid auke i andel bedrifter som har gjennomført vesentlegheitsanalyse frå 21-22

Vesentlegheitsanalysar vert brukt til å identifisere, prioritere og synleggjere kva berekraftstema som er vesentleg for verksemda.

Verksemder vert tilrådd å ta utgangspunkt i **dobbel vesentlegheit** når vesentlegheit vert vurdert, enten det er for å definere strategiske fokusområder eller for rapportering. Det inneberer å vurdere og kommunisere korleis ulike berekraftstema påverkar verksemda (financial materiality), samt korleis verksemda påverkar menneske og miljøet forøvrig (impact materiality).

- **Impact Materiality** - Verksemda si potensielle påverknad på omverda. Dette inkluderar både påverknad direkte forårsaka av verksemda, og påverknad som den har eller kan ha i si heilskaplege verdikjede.
- **Financial Materiality** - Den potensielle finansielle påverknaden på verksemda. Dette inkluderar reell eller potensiell risiko eller moglegheiter som kan påverke framtidige kontantstraumar og dermed verdien av verksemda.



Andelen stig frå ein tredjedel i 2021 til nesten halvparten av respondentane i 2022 (respondentar i Sogn og Fjordane og Ålesundregionen)

2021: 31%

2022: 48%

Nasjonalt 2022: 40%

FNs bærekraftsmål



FN sine bærekraftsmål er verdens felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskap og stoppe klimaendringene innen 2030.

FN sine bærekraftsmål er sammensatt av 17 mål og 169 delmål. Måla skal fungere som ei felles global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn.

Måla vart laga på ein demokratisk måte gjennom innspel frå land over heile verda og nesten ti millionar menneske fekk sagt si meining gjennom ei spørjeundersøking.

Nr. 13. er årets nykommar på topp 3 i rangering av FN sine berekraftsmål

62 % av respondentene i Nordvest har svart at selskapet aktivt har prioritert kva for berekraftsmål dei skal fokusere på. Av dei som har prioritert berekraftsmål, er følgende mål høgst prioritert i Nordvest:




I begrepet “*prioritert*” ligg det at selskapet har gjort ei medviten evaluering av kva berekraftsmål som er viktigast for interessentar og/eller at selskapet kan gjere størst forskjell innan desse måla. Berekraftsmåla som flest selskap har prioritert er mål som gjer seg gjeldande i dei fleste bransjar. Samla utgjer berekraftsmåla ein omfattande og kompleks agenda, og følgjeleg oppfordrar også FN til å prioritere fokus. Difor er det ikkje overraskande at mål som i mindre grad utgjer synlege utfordringar i Noreg blir prioritert av færre selskap.

05 Klimafotavtrykk og
klimarisiko



Det er ein auke i andel verksemder i Sogn og Fjordane og Ålesundregionen som har utarbeidd klimarekneskap

Har di verksemd utarbeidd klimareknekap som viser verksemda sine klimagassutslepp?



Få har gjort klimarisikoanalyser

Kun 17 %

har gjort analysar av korleis endringar i klima, klimapolitikk og overgang til lågutsleppssamfunn vil kunne påvirke verksemda, kvalitativt eller kvantitativt.

Til samanlikning er det nasjonalt 25 % som viser til tilsvarande gjennomførte analysar.

Klimarisiko

handlar både om korleis dei fysiske konsekvensane av klimaendringar vil påvirke natur og samfunn, og kva overgangen til eit samfunn med netto nullutslepp vil innebere for verksemda

1

Fysisk risiko

Risiko knytte til akutte klimaendringar som for eksempel flaum og ekstremnedbør, eller varige klimaendringar som kan endre omgjevnadane verksemda er i slik at grunnlaget for å drive næring vert endra eller ikkje lenger er til stades.

2

Overgangsrisiko

Risiko knytt til for eksempel strengare klimakrav og ny teknologi som kan gje endring i etterspurnad etter produkt og tenester.

Fleirtalet jobbar aktivt for å kutte utslepp, men mangel på talbaserte mål på kutt, gjer det krevjande å vise til faktisk reduksjon

Kvifor ikkje setje seg konkrete mål - og talfeste desse?

2 av 3

jobbar aktivt med å kutte utslepp ei eiga drift eller i eiga drift og eiga verdikjede

1 av 3

Har sett konkrete, tallbaserte mål for utsleppskutt.


(Eks. prosentandel av verksemda sine utslepp skal kuttast innan eit gitt tidspunkt)



Kvantifisering og kommunikasjon av eigne mål for utsleppskutt er sentrale delar av klimastrategien til ei verksemd. Kun på den måten kan verksemdar legge konkrete handlingsplanar for reduksjon av utslepp, og så formidle resultatet av tiltaka til omverda. Dei verksemdene som klarar å setje eigne mål, gjennomføre tiltak og vise til faktiske utsleppskutt vil vere mest konkurransedyktige i eit samfunn der det vert forventa at verksemdar gjer kva dei kan for å bidra til det grønne skiftet.

Det er liten interesse for kjøp av klimakvoter

Nei, vi kjøper ikkje klimakvotar



06 Relevante kjelder til
meir informasjon




PwC har utarbeidd ulike rapportar og verktøy

PwC gir råd til verksemdar slik at dei kan ta ei heilskapleg og strategisk tilnærming til berekraft, og dermed bidra til å gjere ein forskjell både i si verksemd og samfunnet som heilskap.

Et utval av våre rapportar og verktøy:



Analyse av kvaliteten på klimaregnskapet til de 50 største virksomhetene på Vestlandet



Analyse av kvaliteten på klimaregnskapet til de 100 største virksomhetene i Norge



Kartlegging av kjøp av frivillige klimakreditter



Kartlegging av kompetanseområder som skal bidra til grønn omstilling i olje- og gasssektoren



Kartlegging av konkrete tiltak og virkemidler for finansnæringen



Klimaregnskap for Skift



PwCs taksonomiverktøy



Kartlegging av hva anleggsbransjen kan gjøre for å forberede seg på grønn omstilling



Kartlegging av muligheter og utfordringer som norsk fornybarnæring står ovenfor

Kontakt oss gjerne!



Hanne Holmen Austnes
Manager
+47 976 29 823
hanne.holmen.austnes@pwc.com



Silje Guddal
Senior Manager
+47 995 04 520
Silje.guddal@pwc.com

© 2022 PwC. All rights reserved. Not for further distribution without the permission of PwC. “PwC” refers to the network of member firms of PricewaterhouseCoopers International Limited (PwCIL), or, as the context requires, individual member firms of the PwC network. Each member firm is a separate legal entity and does not act as agent of PwCIL or any other member firm. PwCIL does not provide any services to clients. PwCIL is not responsible or liable for the acts or omissions of any of its member firms nor can it control the exercise of their professional judgment or bind them in any way. No member firm is responsible or liable for the acts or omissions of any other member firm nor can it control the exercise of another member firm’s professional judgment or bind another member firm or PwCIL in any way.

